



07 FEB. 2014

Jnr. _____ Saksh. _____
Ark. _____ Ark.del _____
Saksid. _____

Årsmelding 2013

KONTROLLUTVALET FOR MELAND KOMMUNE

Organisering og møter

Denne rapporten gjeld kontrollutvalet sitt arbeid i tidsrommet 01.01.2013 til 31.12.2013. I denne perioden har utvalet hatt fylgjande samansetjing:

Faste medlemmer:

- Marie Morken (leiar)
- Øystein Blom (nestleiar)
- Asbjørn Larsen
- Jarle Vikebø
- Beate Eknes
- Kåre Skjelanger – vara for Morken
- Olav Oterholm – vara for Blom
- Anne Marie Skurtveit – vara for Larsen
- Helge Nygård – vara for Vikebø
- Henriette Fennelly – vara for Eknes

Varemedlemer:

Utvalet har hatt 4 møter i perioden og har handsama 37 saker. Kontrollutvalet skal på vegne av kommunestyret utføre tilsyn og kontroll og rapporterer direkte til kommunestyret. Kontrollutvalet sine møte er opne møte frå og med 01.07.13 på lik linje med andre politiske møte.

Kontrollutvalet skal gi ein uttale til kommunen sitt rekneskap og årsmelding. Kommunen sitt rekneskap svekka seg ytterlegare i 2012. Det var eit meirforbruk i 2012 på 4,2 mill kr og var totalt 18,1 mill kr. Netto driftsresultat var pluss 2,2 mill kr. Når ein korrigerer netto driftsresultat for momskompensasjon frå investeringar, netto pliktige avsetningar til bundne fond, for lite avdrag i 2012 og tap som ikkje er belasta så er korrigert netto driftsresultat -6,7 mill kr. Det viser at kommunen sin økonomi er svak og at der ikkje er nokon betring i frå 2011.

Kommunen sine inntekter auka med heile 9,6 % i 2012, det burde gitt grunnlag i ein betring i økonomien. Den auken kan ein ikkje rekne med i åra framover. Lønnsutgiftene auka med 8,1 % i 2012. Det gir ein aktivitetsauke i drifta som det ikkje er økonomisk grunnlag for på sikt. Kommunen har no ei netto langsiktig lånegjeld som utgjer 77 % av driftsinntektene, det er høgt samanlikna med andre kommunar. Kommunen vil vere sårbar ved ein renteauke. Kommunen sin likviditet er svak.

Kontrollutvalet har difor vore svært opptatt av at kommunen må ha ein god økonomistyring for å få til ein berekraftig økonomi. Budsjetta som vert vedteke må vere realistiske og aktiviteten kan ikkje vere større enn det som budsjettet gir grunnlag for. Kontrollutvalet har også med bakgrunn i dei økonomiske rapportane som har vore i 2013 uttrykt bekymring for økonomien.

I revisjonsmeldinga for 2012 har revisjonen teke atterhald om for lite utgiftsførte avdrag og tap på forskottering i samband med vegprosjekt. Det er nærare omtalt i revisjonsrapport nr 10. Kontrollutvalet har hatt ein eigen oppfølging av revisjonsrapport nr 10. Kontrollutvalet forventar at administrasjon føl opp dei punkta som revisjonen har peika på.

Kontrollutvalet fikk framlagt ein revisjonsrapport som hadde sett på dei interne rutinane for fakturering av pleietenester, revisjonsrapport nr 9. Rapporten viste at rutinane som kommunen hadde for å registrere opplysningar i dataprogrammet Cosdoc ikkje var gode nok. Desse datane gir grunnlag for kommunen sin fakturering. Administrasjon orienterte om at det no etter rapporten var utarbeida skriftelege rutinar, lagt inn ulike kontrollpunkt og at naudsynt opplæring ville bli gitt.

Kontrollutvalet har bedt om at revisjonen tek ein gjennomgang av VA prosjektet Fløksand – Vikebø. Kostnaden med prosjektet har vorte vesentleg høgare enn det som var rammene for prosjektet da det starta opp. Kontrollutvalet ønskja difor å få ein gjennomgang som kan sei noko om årsaka til det og korleis styringa av prosjektet har vore.

Saker som i tillegg er handsama av kontrollutvalet i 2013:

- Vurdering av oppdragsansvarleg revisor sin uavhengigheit
- Brev til kontrollutvalet frå Helga M. V. Lilleskare og Knut A. Lilleskare
- Orientering om kommunen sin økonomi
- Orientering om kommunale planar og tidsfristar for å komme med innspel og korleis det vert praktisert

Kontrollutvalet er opptatt av at kommunen har gode rutinar og internkontroll på dei ulike områda. Det er viktig for å sikre innbyggjarane gode tenester og at midlane til kommunen vert forvalta på ein god måte.

Frekhaug, 29.01.2014


Marie Morken
leiar